

Songtalent vil bli psykolog



Birte vil bli psykolog og syngja som hobby

- Kva vil du bli, Birte Nybakk?
- Eg vil bli psykolog
- Og vi som trudde at du vil bli songartist..
- Det blir nok aldri meir enn ein hobby for meg.

Samtalen fann stad i dag i Husneshallen der årets yrkesmesse vart avvikla med rådgjeving om yrkesval på brei front. Uskedalens 17 å gamle songtalent var som ein forstår ikkje mellom dei som hadde trong for meir rådgjeving - ho har allereie teke sitt val. Det hadde nok ikkje fleirtalet av elevane som var der



Anne Sofie Kjeka heldt ein appell til dei unge

Birte går no i andreklassen i ykesførebuande og har att halvtanna år før ho tek fatt på psykologstudiet - truleg i Bergen.



BN 152 SIEM SYMPHONY

New built, 2014

MAIN DESCRIPTION

Type: platform supply Vessel
type VS 4411 DF PSV.

Classification:

DnV, 1A1, Offshore Service
Vessel +, Supply, SF,
DYNPOS-AUTR, E0, GAS
FUELLED, BIS, CLEAN
DESIGN, COAT PSPC (B),
COMF-V(3) & C(3), LFL*,
NAUT OSV...

MEASUREMENTS

Length o.a.: 89,20m
Breadth mld.: 19,00m
DWT: ~5500T
Deck load, Max: 2100T

MACHINERY – PROPULSION

Main: 2x Wartsila 8L20DF/1408kW
and 2x Wartsila 6L34DF/2610kW
EM. Gen.: 1x Nordhavn/Scania 270
kW

[Hellesøy har vind i segla](#)

Yrkesmessa hadde 36 utstillarar denne gongen og var delt i to: Den første delen var for ungdomsskuleelevar og vaksenopplæringa og den andre delen for elevar ved vidaregåande.



Staden til Kvinnheringen var populær, der fann ein også uskedelingar

Fersk kommunalsjef Anne Sofie Kjeka heldt ein engasjert og engasjerande appell der ho streka under kor viktig yrkesvalet er. Og samfunnet treng alle. Difor er også ei messe som denne svært viktig fordi ho gjev dei som kjem gode idear og informasjon, understreka ho.

Uskedalen var godt representert blant dei som søkte råd medan tilbod-sida ikkje var å sjå med nokon frå vår bygd. Det var berre å registrera at medan vårt skipsverft er i konkurs blømer tydelegvis Hellesøy, som kunne slå fast at eit nytt skrog kjem i mars med Siem som oppdragsgjevar. - Men det har ikkje gått berre framover for Hellesøy heller, var det ein som sa.

Alle dei tunge verksemdene i kommunen var på plass så langt vi kunne registrera. Det var også fleire tunge institusjonar utanfrå - som Havforskningsinstituttet og Handelshøyskolen BI.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Også Rosendal har musikkjenter - her er Håvard Hunstad med saxofonen på messa